



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK: VSS	S. REG: JVW
30 SEP 2008	
S. NR: 06 / 197 -70	
ARKIV: 340.0	AVSKJEVET:

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200805311-5/831/BJORMI

Dykkar ref.:  
06/197- ALJ


Bergen, 29. september 2008

## Høyring om endringar i yrkestransportlova og jernbaneloven - høyringsuttale

Vi viser til høyringsbrev frå samferdselsdepartementet datert 23.05.2008 om endringar i yrkestransportlova og jernbanelova. Endringsframlegga har vore oppe til politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune i samferdselsutvalet 16.09.2008 og i fylkesutvalet 24.09.2008. Fylkesutvalet fatta følgjande vedtak i saka:

1. Fylkesutvalet stør ikkje framlegget om tillegg i yrkestransportlova § 8 om at arbeidstakarar skal ha rett til å følgja med over til det selskapet som vinn anbodskonkurransen.
  - a) Fylkesutvalet vil i staden foreslå følgjande tillegg i § 8 i lova:

*"Operativt personell tilsett i selskap som får innskrenka ruteverksemd som følgje av overgang til ny løyvehavar etter anbod, skal ha førerrett ved nyttilsetjingar i det overtakande selskapet dersom det overtakande selskapet på overtakingstidspunktet har behov for nyttilsetjingar."*
  - b) Om endringa i yrkestransportlova § 8 likevel vert vedteke i samsvar med framlegget, krev fylkesutvalet at dei økonomiske konsekvensane for fylkeskommunen vert kompenserte.
2. Fylkesutvalet stør framlegget om endring i yrkestransportlova § 5 om å innføra løyveplikt for godstransport når bil og hengar totalt har tillat totalvekt over 3,5 tonn.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om tillegg i yrkestransportlova § 8 om at den som får ruteløyve tildelt gjennom konkurranse og eventuelle underleverandørar må forplikta seg til å følgja ein landsomfattande tariffavtale.
4. Fylkesutvalet stør framlegget om å ta ut kravet om eigentransporterklæring i yrkestransportlova § 16, 4. ledd.
5. Fylkesutvalet stør framlegget om å innføra gebyr for brot på yrkestransportlova med ny § 40 a).
6. Fylkesutvalet stør framlegget om endringar i yrkestransportlova § 37 a) om å heva aldersgrensa for køyresetel frå 70 til 75 år. "

  
Rolf Rosenlund

  
Bjørn Inge Midtgård

Vedlegg: Saksframlegg med innstilling og vedtak.



Arkivsak 200805311-2  
Arkivnr. 831  
Saksh. Midtgård, Bjørn Inge

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Samferdselsutvalet	16.09.2008 - 17.09.2008
Fylkesutvalet	23.09.2008 - 24.09.2008

## **HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG OM ENDRINGAR I YRKESTRANSPORTLOVA OG JERNBANELOVEN**

---

Samferdselsdepartementet har i brev datert 23.05.2008 sendt framlegg om endringar i yrkestransportlova og jernbaneloven på høyring. Endringsframlegga omhandlar dei tilsette sine rettar i kollektivtransportsektoren (bussjåførar, lokomotivførarar, konduktørar m.m.) i samband med bruk av anbod og konkurranse.

I tillegg vert det gjort framlegg om at den øvre aldersgrensa for køyresetel (for drosje, buss etc.) vert heva frå 70 til 75 år, samt innføring av gebyr for brot på yrkestransportlova, og at kravet om eigentransporterklæring vert teke ut av lova.

Fylkesrådmannen legg med dette saka fram til politisk uttale. Fristen for å koma med uttale til høyringa er 15.09.2008, men samferdselsdepartementet har gjeve utsett frist til etter handsaminga i fylkesutvalet.

## FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet stør ikkje framlegget om tillegg i yrkestransportlova §8 om at arbeidstakarar skal ha rett til å følgja med over til det selskapet som vinn anbodskonkurransen.
  - a) Fylkesutvalet vil i staden føreslå følgjande tillegg i §8 i lova:

*"Operativt personell tilsett i selskap som får innskrenka ruteverksemd som følgje av overgang til ny løyvehavar etter anbod, skal ha førerett ved nyttilsetjingar i det overtakande selskapet dersom det overtakande selskapet på overtakingstidspunktet har behov for nyttilsetjingar."*
  - b) Om endringa i yrkestransportlovens §8 likevel vert vedteke i samsvar med framlegget, krev fylkesutvalet at dei økonomiske konsekvensane for fylkeskommunen vert kompenserte.
2. Fylkesutvalet stør framlegget om endring i yrkestransportlova §5 om å innføra løyveplikt for godstransport når bil og hengar totalt har tillat totalvekt over 3,5 tonn.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om tillegg i yrkestransportlova §8 om at den som får ruteløyve tildelt gjennom konkurranse og eventuelle underleverandørar må forplikta seg til å følgja ein landsomfattande tariffavtale.
4. Fylkesutvalet stør framlegget om å ta ut kravet om eigentransporterklæring i yrkestransportlova § 16, 4. ledd.
5. Fylkesutvalet stør framlegget om å innføra gebyr for brot på yrkestransportlova med ny §40 a).
6. Fylkesutvalet stør framlegget om endringar i yrkestransportlova §37 a) om å heva aldersgrensa for køyresetel frå 70 til 75 år.

Paul M. Nilsen

Magnus Vestrheim

Vedlegg:

- Høyringsbrev datert 23.05.2008 frå Samferdselsdepartementet m/vedlegg

## FYLKESRÅDMANNEN, 10.09.2008:

### Bakgrunn

Samferdselsdepartementet har i brev datert 23.05.2008 sendt framlegg om endringar i yrkestransportlova og jernbaneloven på høyring. Endringsframlegga omhandlar dei tilsette sine rettar i kollektivtransportsektoren (bussjåførar, lokomotivførarar, konduktørar m.m.), i samband med bruk av anbod og konkurranse.

I tillegg vert det gjort framlegg om at den øvre aldersgrensa for køyresetel (for drosje, buss etc.) vert heva frå 70 til 75 år, samt innføring av gebyr for brot på yrkestransportlova, og at kravet om eigentransporterklæring vert teke ut av lova.

### Om endringsframlegget

Vedlagt denne saka følgjer høyringsbrevet datert 23.05.2008, to høyringsnotat og konkrete framlegg til lovendringar. Her er ein kort gjennomgang av dei delane av endringsframlegga som direkte og i vesentleg grad vedkjem fylkeskommunen. Tilhøve knytt til sjøtransport og jernbane er i liten grad omtala her, då dette i utgangspunktet ikkje er fylkeskommunen sitt ansvar.

### Om dei tilsette sine rettar ved konkurranseutsetjing av kollektivtrafikk:

Fylkesrådmannen viser til grunngjevinga gjeve i høyringsbrevet. Samferdselsdepartementet ønskjer å styrka dei tilsette sine rettar ved at reglane i arbeidsmiljølova ved verksemdsoverdraging skal gjelda når ein nyttar konkurranse i kollektivtransporten. Innsparinga gjennom konkurranse skal ikkje skje som følgje av at ein svekkjer løns- og arbeidsvilkåra for dei tilsette.

Etter Yrkestransportlova §8 kan fylkeskommunane nytta anbod ved tildeling av løyve for persontransport med motorvogn i rute. Med heimel i same lov er det også vedteke "Forskrift om anbod i lokal rutetransport". Lova og forskrifta gjer det mogleg for fylkeskommunen å konkurranseutsetja kollektivtransporten på bestemte vilkår. I §4 i forskrifta, "krav til kvalifikasjoner, materiell m.v." står det at:

*"Oppdragsgiver kan i anbudsinnbydelsen bestemme at operativt personell ansatt i selskap som får innskrenket rutevirksomheten som følge av overgang til ny løyvehaver etter anbud, skal ha fortrinnsrett ved nyansettelser i det overtagende selskap dersom det overtagende selskap på overtagelsestidspunktet har behov for nyansettelser,"*

Denne regelen gjer det mogleg for fylkeskommunen å sikra at operativt personell får førerrett til nyoppretta stillingar hjå anbodsvinnar. Men den gjev ingen garanti for det. Vidare står det at:

*"Den som skal delta i anbudskonkurranse må forplikte seg til å følge lønns- og arbeidsvilkår for operativt personell som minst svarer til en av de landsomfattende tariffavtaler. Tilsvarende forpliktelser gjelder for ev. tilsvarende gruppe av arbeidstakere ansatt av underleverandør, jf. § 14."*

Denne regelen medverkar til å hindra sosial dumping ved at vinnaren er forplikta til å følgja ein landsomfattande tariffavtale. Samferdselsdepartementet kjem med framlegg om eit tillegg i yrkestransportlova §8 der det vil heita at:

*"Ved bruk av konkurranse gjeld reglane i arbeidsmiljøloven kapittel 16, §§ 16-2 til 16-7 om arbeidstakarar sine retter ved overdraging av verksemd."*

Ei slik endring vil, i følgje samferdselsdepartementet, forsterka arbeidstakarane sine rettar. Ved verksemdsoverdraging skal den som overtar verksemda også vera forplikta til å overta dei som var tilsett i den verksemda, eller delar av den verksemda, som blir ført over til ny løyvehaver/operator. Det er også sett inn ein del praktiske reglar i framlegget til lovtekst §8 som skal gjera det mogleg å identifisera kor mange tilsette som vert omfatta av anbodet og korleis ein gjennom anbudsutlysinga skal gjera informasjonen kjent.

Samferdselsdepartementet foreslår vidare å forsterka krava om at tilbydar minst må følgja ein landsomfattande tariffavtale, ved at kravet vert teke direkte inn i yrkestransportloven, §8, nytt femte ledd, og ikkje berre i forskrifta til lova. Fleire stadar i yrkestransportlova vert omgrepet "anbod" bytta ut med "konkurranse". Tilsvarande endringar vert foreslege i "Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m." (Jernbaneloven).

#### Om å heva aldersgrensa frå 70 til 75 for køyresetel:

Fylkesrådmannen viser til grunngevinga gjeve i høyringsbrevet. Samferdselsdepartementet ønskjer å utvida aldersgrensa for førarar av buss og drosje i yrkestransport.

Aldersgrensa for køyresetel er i dag 70 år, og den er regulert i yrkestransportlova, Kap 7 A, §37. I lova §37 a) står det at:

*"Førar av drosje, selskapsvogn, turvogn, rutevogn og motorvogn som er spesielt utforma og/eller utstyrt for transport for funksjonshemma, må under persontransport mot vederlag ha kjøresetel i tillegg til førarkort. Kjøresetelen gjeld for heile landet og blir utferda av politimeisteren eller den han gir myndigheit der vedkommande bur. Det er ikkje nødvendig med ny kjøresetel ved skifte av bustad, jf. § 37 c andre ledd. Kjøresetel blir utferda for 10 år. For person som er fylt 60 år blir kjøresetelen utferda for fem år, men ikkje lenger enn til innehavar fyller 70 år. Dersom særlege helseforhold tilseier det, skal perioden kjøresetelen er gyldig for setjast kortare."*

Samferdselsdepartementet foreslår slik endring i tredje ledd:

*"Kjøresetel blir utferda for 10 år. For personar som er fylt 60 år blir kjøresetelen utferda for 5 år. For person som er fylt 70 år blir kjøresetelen utferda for 1 år, men ikkje lenger enn til innehavar fyller 75 år. Dersom særlege helseforhold tilseier det, skal perioden kjøresetelen er gyldig for setjast kortare."*

I høyringsnotatet frå samferdselsdepartementet står det følgjande om aldersgrensa:

*"Aldersgrensa for kjøresetel vart sist vurdert i 1979 og fastsett av Samferdselsdepartementet i samråd med helsestyresmaktene. Bakgrunnen for at ein har ei øvre aldersgrense for kjøresetel er generelle vurderingar knytte opp til risikoen for brå eller akutte endringar i helsetilstanden i høve til aukande alder."*

Av notatet går det fram at ein også no fremjar framlegget etter samråd med helsestyresmaktene. Det har blitt ei generell betring i helsetilstanden i aldersgruppa opp til 75 år, og samferdselsdepartementet finn det rimeleg å heva aldersgrensa for innehavarar av køyresetel. Det er også vist til at det ikkje er sett noko øvre aldersgrense for førar av tyngre køyretøy i godstransport eller for buss så lenge det/den ikkje blir nytta i løyvepliktig persontransport som krev køyresetel.

#### Andre forslag til endringar

Samferdselsdepartementet foreslår ei endring i yrkestransportlova §5. Endringa omfattar vektgrensa for godstransportløyve. Etter gjeldande reglar er yrkestransport løyvepliktig dersom motorvogna har tillat totalvekt 3,5 tonn eller meir. Fritaket er knytt til vektgrensa til motorvogna, altså utan vekta av eventuell tilhengar. I det nye framlegget vil vektgrensa på 3,5 tonn eller meir gjelda heile køyretøyet inkludert tilhengaren. Framlegget er i samsvar med EU-direktiv 96/26 EF, og er såleis ei EU-tilpassing av norsk regelverk.

Samferdselsdepartementet foreslår heimel for å ilegga gebyr for mindre alvorlege brot på yrkestransportlova. Det vert foreslege ny §40 a) om overtredingsgebyr. Samferdselsdepartementet foreslår at kravet om at køyretøy som vert nytta i eigentransport må vera utstyrt med eigentransporterklæring vert teke ut av yrkestransportloven. Det vert foreslått å oppheva §16, 4 ledd.

## **Fylkesrådmannen sine merknadar**

### Om dei tilsette sine rettar ved konkurranseutsetjing av kollektivtrafikk:

Fylkesrådmannen har forståing for at rettane til arbeidstakarane skal sikrast så godt som mogleg når kollektivtransporten vert konkurranseutsett.

I utgangspunktet har både arbeidstakarorganisasjonane og de fleste trafikkelskapa som driv i transportnæringa vore motstandarar av anbod og konkurranse. Arbeidstakarane frykter sosial dumping og uvisse for eigen arbeidsplass. Trafikkelskapa fryktar at dei kan mista oppdrag om rutene deira vert konkurranseutsette. Det er viktig at konkurransen om oppdrag for det offentlege er reell. Oppdragsgjevar må difor stilla klare, eintydige og objektive krav til anbydarane. Ved riktig utforming av konkurransegrunnlag vil ein kunna sikra at "den beste" vinn og sikra seg mot redusert kvalitet på materiell, mannskap, varelevering og/eller tenesteutføring. Dette har ein lang erfaring for i andre sektorar, både offentleg og privat. Fylkeskommunen ønskjer ikkje at kollektivtransporten skal drivast av useriøse utøvarar. Ein ønskjer avtalar med trafikkelskap (eller å gi løyve til selskap) som tilbyr både god kvalitet og riktige prisar og har ryddige forhold til dei tilsette. Hittil har kollektivtransporten i Europa vore unntatt frå krava om anbod ved offentlege anskaffingar. Dette kan det bli endring på om/når EU sine direktiv blir endeleg godkjente.

Gjeldande yrkestransportlov og tilhøyrande "Forskrift om anbod i lokal ruteproduksjon" stiller ikkje heilt spesifikke krav som sikrar arbeidstakarane sine interesser fullt ut i samband med anbod. Men i forskrifta §4, tredje og fjerde ledd er det heimel som sikrar at fylkeskommunane *kan* stilla krav om at operativt personell skal ha førerrett ved nyttilsetjingar i det overtakande selskapet dersom selskapet har behov for det. Den som skal delta i anbodskonkurransen må forplikta seg til å følgja løns- og arbeidsvilkår for operativt personell som minst svarar til ein av dei landsomfattende tariffavtalane. Tilsvarende gjeld for arbeidstakarane tilsett av underleverandør.

Hordaland fylkeskommune har i anbodsgrunnlaga stilt krav om førerrett i samsvar med §4 i anbodsforskrifta. Det vert i anbodsgrunnlaga også teke med og vist til reglane i §4 i anbodsforskrifta gjeldande løns- og arbeidsvilkår.

Fordi fylkeskommunane og administrasjonsselskapa har eiga interesse i å stilla krav til tilbydarane, kan det synast unødvendig å innføra endå strengare krav i lovteksten om vilkår i konkurranseutsettinga. På den andre sida vil eit slikt krav direkte i yrkestransportloven truleg gjera anbod og konkurranseutsetjing meir akseptabelt for det operative personellet i trafikkelskapa.

På dette grunnlaget har fylkesrådmannen ingen innvendingar mot tillegg i §8, 5. ledd i yrkestransportlova om at det gjennom lovverket vert stilt krav om at tilbydar *må* følgja gjeldande tariffavtalar.

Fylkesrådmannen har motførestillingar til framlegget om å gje dei tilsette rett til stilling i det overtakande selskapet, jf. framlegget til ny § 8, 2 – 4. ledd. Framlegget inneber at ein vil begrensa ein av dei viktigaste faktorane knytt til konkurranse - det å kunna effektivisera. Ut frå framlegget skal alle som eventuelt vert omfatta følgja med over til den nye operatøren. Dette gjer at ein ikkje kan dra nytte av den effektiviseringa som det nye selskapet eventuelt ville ønskja å leggja inn i anbodet. Viss den nye operatøren har lagt til grunn at produksjonen kan utførast med færre sjåførarar, vil ein ikkje kunne ta ut denne effektiviseringsgevinsten fordi alle sjåførane må følgja med over i det nye selskapet. Det er også andre grunnar til at fylkesrådmannen er i mot dette framlegget:

- Eit lovfesta pålegg om bruk av reglane for verksemdsoverdraging kan påføra fylkeskommunane mykje meirarbeid og auka kostnader. Det må gjennomførast grundig registreringsarbeid knytt til personaldisponeringa i det selskapet som driv ruta som skal konkurranseutsetjast for å avklara kven som vert omfatta av eventuell verksemdsoverdraging.

- Regelen om verksemdsoverdraging inneber at alle selskapa som skal delta i konkurransen må ha kunnskap om løn og ansiennitet hjå eksisterande operatør for å kunna rekna ut kostnadane sine. I ein konkurransesituasjon kan dette skapa både juridiske utfordringar og konkurransevriding til fordel for eksisterande operatør.
- Eksisterande operatør vil kunna gjennomføra ei selektiv utveljing av dei personane som eventuelt skal følgja verksemda over i eit nytt selskap. Eksisterande operatør vil sjølv kunna rokera personalet slik at dei med høgast arbeidsevne og gunstigast alderssamansetnad blir igjen i selskapet medan personalgruppa med motsette eigenskapar vert overført til det nye selskapet.
- Utan reglane for verksemdsoverdraging vert kostnadene for nedbemanning belasta anbudstaparen, der denne type kostnadar logisk høyrer heime, og med dei faktiske beløpa. Skal reglane om verksemdsoverdraging følgjast, må dei som legg inn anbud leggja inn ein risikokostnad knytt til nedbemanningskostnadar. Anbydarane må då i prisane sine ta omsyn til slike kostnader. Fylkeskommunen vert belasta for kostnaden.
- Verksemdsoverdraging vert framstilt som eit tiltak mot arbeidsløyse. Regelverket sikrar berre dei tilsette i selskapet som gjev trafikken frå seg – ikkje i det selskapet som vinn konkurransen. Behovet for sjåførar er nokolunde konstant, og ei overdraging kan føra til at vinnaren må seia opp sjåførar medan taparen sine sjåførar må følgja med over i verksemda.
- Dersom reglane om verksemdsoverdraging skal følgjast for kollektivtrafikken, må ein forventa at det blir stilt tilsvarende krav frå andre delar av offentleg sektor, for eksempel i helsesektoren kor langsiktige avtalar med private aktørar med jamne mellomrom vert konkurranseutsett.

Fylkesrådmannen er på dette grunnlaget skeptisk til framlegget, og rår til at fylkesutvalet ikkje stør departementet sitt framlegg til ny §8 der slik regulering er teke inn. I staden kan gjeldande forskrift om fortrinnsrett til nye stillingar takast inn i §8 i yrkestransportlova t.d. slik:

Operativt personell ansatt i selskap som får innskrenket rutevirksomhet som følge av overgang til nye løyvehaver etter anbud, skal har fortrinnsrett ved nyansettelser i det overtagende selskap dersom det overtagende selskap på overtagelsestidspunktet har behov for nyansettelser.

Ein slik regel vil, etter fylkesrådmannen si meining, ivareta dei tilsette sine interesser på ein tilfredsstillande måte.

#### Om å heva aldersgrensa frå 70 til 75 for køyresetel:

Fylkesrådmannen vil stø departementet sitt framlegg om endringar i yrkestransportlova §37 a) om å heva aldersgrensa for køyresetel frå 70 til 75 år. Den generelle helsetilstanden i aldersgruppa opp til 75 år er blitt betra dei seinare åra. Fylkesrådmannen finn det difor rimeleg at aldersgrensa vert heva.

#### Endring i krava om løyve for å driva godstransport.

Fylkesrådmannen har ingen merknadar til framlegget til endring i yrkestransportlova §5 om å innføra løyveplikt når bil og hengar totalt har tillat totalvekt 3,5 tonn eller meir.

#### Innføring av gebyr for brot på yrkestransportlova:

Fylkesrådmannen vil rå til å stø framlegget til ny §40 a) om overtredingsgebyr. Eit overtredingsgebyr vil verka rettferdig og gjera det enklare å handheva lova blant anna gjeldande løyveplikta.

#### Eigentransporterklæring

Reglane om dokumentasjon i tyngre godstransportvogner (3,5 tonn eller høgare tillat vekt) er slik at ein anten må vise fram løyve eller eigentransporterklæring både ved registrering av køyretøy og medan ein transporterer. Den som køyrer gods som ein sjølv eig eller har råderett over, skal nytta eigentransporterklæring. Den som har løyve til å drive

godstransport for andre, skal leggja fram originalt løyvedokument. Dersom ein køyrer gods som andre eig, og ikkje har løyve, er det ulovleg transport, jf også forslaget om gebyr for brot på yrkestransportlova. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå nokon god grunn til å vidareføra ordninga med eigentransporterklæring, og vil stø framlegget om å oppheva §16 4. ledd. I framtida vil det då bli slik at det berre skal krevjast dokumentasjon på at ein har løyve når ein transporterer gods for andre.



**Kjartan Haugsnes** sette på vegne av SV, A fram forslag om endra pkt 1 og 6 og nytt pkt 7

1. "Fylkesutvalet stør framlegget om tillegg i yrkestransportlova §8 om at arbeidstakarar skal ha rett til å følgja med over til det selskapet som vinn anbodskonkurransen.
- 6 Fylkesutvalet stør ikkje framlegget om endringar i yrkestransportlova §37 a) om å heva aldersgrensa for køyresetel frå 70 til 75 år.

Nytt pkt: Fylkesutvalet ber departementet om å innarbeide krav om tilhørigheit til ein landsomfattande tariffavtale og at løn, arbeidstid og pensjonsrettar skal vere krav ved anbodsutsetting."

**Anne-Beth Njærheim** sette fram forslag til nytt pkt 8.

"Fylkesutvalet stør framlegget om tillegg til Yrkestransportlova jfr Jernebanelova §8 om reglar for utlevering av informasjon."

### Røysting

Forslaget frå Kjartan Haugsnes til nytt pkt 1 fekk 5 røyster (A, SV, V) og fall

Forslaget frå Kjartan Haugsnes til nytt pkt 6 fekk 1 røyst og fall

Forslaget frå Kjartan Haugsnes til nytt pkt 7 fekk 4 røyster (A, SV) og fall

Forslaget frå Anne-Beth Njærheim til nytt pkt 8 fekk 2 røyster (V, SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstillingen vart vedteke, pkt 1 mot 5 røyster og pkt 6 mot 1 røyst.

### INNSTILLING

1. Fylkesutvalet stør ikkje framlegget om tillegg i yrkestransportlova §8 om at arbeidstakarar skal ha rett til å følgja med over til det selskapet som vinn anbodskonkurransen.
  - a) Fylkesutvalet vil i staden foreslå følgjande tillegg i §8 i lova:

*"Operativt personell tilsett i selskap som får innskrenka ruteverksemd som følgje av overgang til ny løyvehavar etter anbod, skal ha førerrett ved nyttilsetjingar i det overtakande selskapet dersom det overtakande selskapet på overtakingstidspunktet har behov for nyttilsetjingar."*
  - b) Om endringa i yrkestransportlovens §8 likevel vert vedteke i samsvar med framlegget, krev fylkesutvalet at dei økonomiske konsekvensane for fylkeskommunen vert kompenserte.
2. Fylkesutvalet stør framlegget om endring i yrkestransportlova §5 om å innføra løyveplikt for godstransport når bil og hengar totalt har tillat totalvekt over 3,5 tonn.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om tillegg i yrkestransportlova §8 om at den som får ruteløyve tildelt gjennom konkurranse og eventuelle underleverandørar må forplikta seg til å følgja ein landsomfattande tariffavtale.
4. Fylkesutvalet stør framlegget om å ta ut kravet om eigentransporterklæring i yrkestransportlova § 16, 4. ledd.
5. Fylkesutvalet stør framlegget om å innføra gebyr for brot på yrkestransportlova med ny §40 a).

6. Fylkesutvalet stør framlegget om endringar i yrkestransportlova §37 a) om å heva aldersgrensa for køyresetel frå 70 til 75 år.

Mette Holmefjord Olsen sette fram forslag om endra punkt 1 og nytt punkt 7:

1. "Fylkesutvalet stør framlegget om tillegg i yrkestransportlova §8 om at arbeidstakarar skal ha rett til å følgja med over til det selskapet som vinn anbodskonkurransen.

Nytt punkt 7: Fylkesutvalet ber departementet om å innarbeide krav om tilhørigheit til ein landsomfattande tariffavtale og at løn, arbeidstid og pensjonsrettar skal vere krav ved anbudsutsetting."

### Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken med 9 røyster mot 6 røyster (SV, SP, A) for Holmefjord Olsen sitt forslag til punkt 1.

Innstillinga punkta 2, 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 6 vart samrøystes vedteken.

Holmefjord Olsen sitt forslag til nytt punkt 7 fekk 6 røyster (SV, SP, A) og fall.

### VEDTAK

1. Fylkesutvalet stør ikkje framlegget om tillegg i yrkestransportlova § 8 om at arbeidstakarar skal ha rett til å følgja med over til det selskapet som vinn anbodskonkurransen.

- a) Fylkesutvalet vil i staden føreslå følgjande tillegg i § 8 i lova:

*"Operativt personell tilsett i selskap som får innskrenka ruteverksemd som følgje av overgang til ny løyvehavar etter anbod, skal ha førerett ved nyttilsetjingar i det overtakande selskapet dersom det overtakande selskapet på overtakingstidspunktet har behov for nyttilsetjingar."*

- b) Om endringa i yrkestransportlova § 8 likevel vert vedteke i samsvar med framlegget, krev fylkesutvalet at dei økonomiske konsekvensane for fylkeskommunen vert kompenserte.
2. Fylkesutvalet stør framlegget om endring i yrkestransportlova § 5 om å innføra løyveplikt for godstransport når bil og hengar totalt har tillat totalvekt over 3,5 tonn.
  3. Fylkesutvalet stør framlegget om tillegg i yrkestransportlova § 8 om at den som får ruteløyve tildelt gjennom konkurranse og eventuelle underleverandørar må forplikta seg til å følgja ein landsomfattande tariffavtale.
  4. Fylkesutvalet stør framlegget om å ta ut kravet om eigentransporterklæring i yrkestransportlova § 16, 4. ledd.
  5. Fylkesutvalet stør framlegget om å innføra gebyr for brot på yrkestransportlova med ny § 40 a).
  6. Fylkesutvalet stør framlegget om endringar i yrkestransportlova § 37 a) om å heva aldersgrensa for køyresetel frå 70 til 75 år.